



Arkes Bygg AS
Eskild Pedersen
Tertnesflaten 2
5114 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4720 - 14/24034

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
24.10.2014

Avslag på søknad om ferdigattest for bustad - gbnr 55/32 Bruvoll

Kommunen gjev avslag på søknad om ferdigattest motteke 10.10.2014, jf plan- og bygningslova § 21-10. Vilkår for ferdigattest ligg ikkje føre. Det vert vist til vedlagt tilsynsrapport.

Det vert med dette varsla om at pålegg om innstilling av bruk av husvære i underetasjen vil bli vurdert dersom det ulovlege forhold ikkje er retta innan 28.11.2014, jf plan- og bygningslova §§ 32-2 og 32-3.

Retting kan skje ved at bruken vert innstilt eller at det vert sendt inn ny søknad om bruksløyve/ferdigattest for oppført bustad. Bygget må tilfredsstillе krava til mellombelsbruksløyve/ferdigattest.

Det vert vidare gjort merksam på at kommunen saman med eit eventuelt vedtak om pålegg, utan ytterlegare varsel vil kunna fastsetja tvangsmulkt, eventuelt også overtredelsesgebyr, jf plan- og bygningslova §§ 32-5 og 32-8. Tvangsmulka vil løpe frå fristoversittelsen for pålegget.

Det vert gjeve høve til uttale innan frist nemnd ovanfor.

Søknaden

Etter det vi kan sjå er det ikkje gitt bruksløyve for bustaden. Opplysningar frå folkeregisteret tyder på at bustaden vart teken i bruk den 07.06.2014 utan løyve.

Det vart gjennomført uanmeldt tilsyn på byggeplassen den 10.10.2014. Det vart også halden uanmeldt tilsyn på byggeplassen den 27.10.2014. Tilsynsrapporten er vedlagt.

I pbl § 32-3 står det:

"Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeidet.

Ved utferdigelse av pålegg skal det settes frist for oppfyllelse.



Samtidig med utferdigelsen av pålegg kan det fastsettes tvangsmulkt. Ved utferdigelsen av pålegg gis opplysning om at pålegget vil kunne følges opp med forelegg som kan få virkning som rettskraftig dom.

Endelig pålegg kan tinglyses som en heftelse på den aktuelle eiendom.”

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter pbl § 32-6. Et slikt førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar, jf. § 32-7.

Vi opplyser elles om at brot på plan- og bygningslova kan medføre straffeansvar, jf. pbl § 32-9. Kommunen vil vurdere om det er grunnlag for å melde saka til politiet.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uanmeldt byggeplasstilsyn i samband med søknag om FA, gbnr. 5532, sak 144720 (L)(44550)

Kopi til:

Darius Bacvinka

Fagervollen 44 A 5956

HUNDVIN

Mottakarar:
Arkes Bygg AS

Tertnesflaten 2 5114

TERTNES